



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	Løpenr: 19/3863
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.05.2019	015/2019

Søknad om tilskot til oppstart - Samnanger catering

23.05.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 015/2019 Vedtak:

Therese Moe får kr. 15.000 i tilskot til oppstart av Samnanger catering. Ho har fullført kurs i regi av etablerarsenteret. Tilskotet vert utbetalt når utgifter til utstyr kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort. Tilskotet vert finansiert av næringsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Therese Moe får kr. 15.000 i tilskot til oppstart av Samnanger catering. Ho har fullført kurs i regi av etablerarsenteret. Tilskotet vert utbetalt når utgifter til utstyr kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort. Tilskotet vert finansiert av næringsfondet.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om tilskudd til etablering av Samnanger Catering AS

Dokument som ikkje er vedlagt:

Forretningsplan og budsjett.

Kva saka gjeld: Søknad om tilskot til oppstart av Samnanger Catering v/Therese Moe

Fakta:

Therese Moe har starta Samnanger Catering AS. Ho har etablert catering i eiga heim i Rolvsvåg, og treng bygga eige kjøkken til matproduksjon.

Ho søker om tilskot til følgjande:

- Konvensjon omn kr.15.000
- Oppvaskmaskin kr. 8.000
- Rustfrie arbeidsbenkar kr. 9.000
- Ventilasjon kr. 5.000

Totalt kr. 37.000

Moe satsar på å marknadsføre seg i digitale media, gjennom facebook, eiga nettside og aviser. Ho har delteke på kurs hos etablerarsenteret, eit kurs som er anbefalt av kommunen. Ho ønskjer og på sikt, om etterspørselen er god, å etablere seg på Bjørkheim. Utstyret det vert søkt om kan då verte tatt med i nytt lokale.

Vurderingar og konsekvensar:

Moe har vedlagt både forretningsplan og budsjett. Desse er unnateke offentleg innsyn og ikkje vedlagt. Både forretningsplan og budsjett er gjennomtenkt og realistisk.

Moe har og gjeve tilbod om levering av mat til administrative og politiske møte.

Kommunen har gjeve mellom 50-30% i tilskot til utstyr ved oppstart. Når det gjeld catering er det fleire verksemdar innan kro/overnatting i kommunen som leverar mat. Det er likevel viktig å kunne støtte nyetablering av kvinnearbeidsplassar. Me tilråd eit tilskot på 15.000 til oppstart av Samnanger catering.

Tilskotet må vera utbetalt innan 2 år frå vedtaksdato, elles går det tilbake til næringsfondet til kommunen.